



Forskrift om interkommunal skulekrins for Odda ungdomsskulekrins i Odda kommune og Fjæra skulekrins i Etne kommune.

Jf. opplæringslova § 8-1 med endring av 01.08.2013 samt opplæringslova § 13-1.
Ein viser også til Ot.Prp 129 L (2012-2013) samt Rundskriv Udir-2-2012

§ 1 Føremål og verkeområde

Odda kommune og Etne kommune etablerer felles interkommunal ungdomsskulekrins for Odda ungdomsskulekrins og Fjæra skulekrins; for ettertida nemnt som **Odda-Fjæra ungdomsskulekrins**.

§ 2 Plikter og rettar

Elevar på 8.-10. årssteg frå Odda ungdomsskulekrins og Fjæra skulekrins høyrer frå 01.08.2017 til den nye skulekrinsen og får tilbod om skulegang ved Odda ungdomsskule i Odda kommune. Odda ungdomsskule vert med dette nærskule for desse elevane, jf oppl.i. § 8-1 første ledd første og andre punktum. Elevar frå Odda ungdomsskulekrins og Fjæra skulekrins får frå same dato oppfylt retten sin til grunnskuleopplæring etter oppl.i. § 2-1 ved Odda ungdomsskule. Søknad om skuleplass ved annan skule i kommunen skal handsamast av den einskilde kommune i tråd med kommunale retningslinjer for dette. Elevar frå Fjæra som pr 01.08.2017 går på Enge ungdomsskule, vil ha Enge ungdomsskule som nærskule resten av skuletida. (To elevar 2017/18 og éin elev 2018/19)

§ 3 Iverksetjing

Forskrifta trer i kraft 01.08.2017.

Frå same dato vert tidlegare kommunestyrevedtak om ungdomsskulekrinsar for både Odda ungdomsskule og Fjæra oppheva.

§ 4 Samarbeidsavtale

Det må gjerast ein samarbeidsavtale mellom Odda og Etne kommunar. Den skal innehalda fråsegn om:

- Økonomiske forhold inkludert avgjerder om kor lenge avtalen skal vara og konsekvensar ved opphøyr.
- Avtalen må regulera praktiske løysingar knytt til
 - skuleskyss
 - kulturskule
 - leksehjelp
 - sakshandsaming
 - spesialundervisning
 - økonomisk kompensasjon til Odda kommune for å gje elevane frå Etne kommune eit fagleg godt og forsvarleg tilbod i samsvar med opplæringslova med tilhøyrande forskrifter og avgjerder.

Plikta den einskilde kommune har etter opplæringslova å tilby grunnskuleopplæring til innbyggjarane sine, vil også etter at denne forskrifta er vedteken kvila på kommunen eleven er folkeregisterregistrert.